



## Notat

Dato: 10.10.2014  
Arkivsak: 2014/21964-2  
Saksbehandlar: milbert

---

**Til:** Fylkestinget

---

**Frå:** Fylkesordføraren

---

### Fylkeskommunen si rolle for betre kollektivtransport

#### Spørsmål 1:

På fylkestinget, 11.juni 2014, vart det gjort vedtak om Kollektivtransportstrategi for Hordaland. Denne strategien blir fulgt opp med årlege handlingsplanar, og legg til grunn at ein stor del av framtidig vekst i persontransporten i Bergen skal over på kollektivtransporten. I Regional transportplan 2013-2024, er det lagt opp til at resten av transportveksten skal over på auka bruk av sykkel og gange. Når det gjeld kommunale bidrag til auka bruk av sykkel og gange, omfattar dette i hovudsak kommunal arealplanlegging og lokal delfinansiering av tiltak gjennom bompengainnkreving. Det er lagt opp til ei betydeleg satsing på denne type tiltak i Bergensprogrammet fram mot 2025. Eg vil og peike på arbeidet som er gang med den regional areal- og transportplanen for Bergensområdet. Slik eg ser det føreligg det allereie vedtekne styringsdokument med mål, strategiar og tiltak i retning av overgang til meir miljøvenlege transportformer i Bergen. Det statlege tilskotet til bybaneutbygginga i Bergen vil bli avklart i samband med forhandlingane om bymiljøavtale, som eg reknar med kan komme i gang i 2015.

#### Spørsmål 2:

Bergen kommune har invitert inn fylkesadministrasjonen saman med Statens vegvesen i oppfølging av vedtaket om tidsdifferensierte bompengesatsar i bystyret, 23.september 2014. Vedtaket omfattar ikkje bruk av bompenginntekter til driftstilskot til kollektivtransporten. Dette må eventuelt vurderast ved ein revisjon av Bergensprogrammet som ein del av ein bymiljøavtale.

#### Spørsmål 3:

Eg legg opp til at det kan settast i gang forhandlingar med Samferdselsdepartementet om ein bymiljøavtale for Bergensområdet i 2015. Finansiering av forbetringar i kollektivtransporttilbodet vil bli eit aktuelt tema i desse forhandlingane.

Eg kan og opplyse om at det i Samferdselsdepartementet sine retningslinjer for utgreingar og analyser som grunnlag for arbeidet med neste Nasjonal transportplan 2018-2027, er vist til at det er forventa ein kraftig auke i det fylkeskommunale kollektivtransporttilbodet og at fylkeskommunen sine utgifter til dette formålet vil auke. Samferdselsdepartementet har derfor bedt dei statlege transportetatane utgreie ulike modellar for korleis dei finansieringsutfordringane kan løysast i dei fire største byområda.

#### Spørsmål 4:

Dersom spørsmålsstillaren siktar til fylkeskommunen si årlege kollektivmelding, så er det ikkje der på nokon måte teke til orde for endringar i ansvaret for kollektivtransporten i Bergen. Svaret er nei også uavhengig den framtidige utviklinga i talet på kollektivreiser i Bergen. Hovedargumentet er at transportpolitikken for kollektivtransporttilbodet og transportmiddelfordelinga i Bergen ikkje kan avgrensast til Bergen sine kommunegrenser. Bergensområdet med Bergen kommune og omlandskommunane er i dag ein integrert felles bu- og arbeidsmarknad med betydeleg pendling i begge retningar.